



Tekniskbureau AS  
Postboks 5  
4001 STAVANGER

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/726 - 19/13693

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
02.05.2019

## Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar (NS 4) til kommunalt avløp - GBNR 185/66

Hordaland Fylkeskommune har kopla fettutskiljar (NS 4) til kommunalt avløpsnett. Utskiljaranlegg er etablert i eget bygg. Størrelse på anlegg og type kjøkkenutstyr som er ført på anlegg viser at anlegg er i minste laget. Det er ved val av størrelse på anlegg ikkje teke omsyn til at anlegg er plassert i bygg.

Fetthaldig avløpsvatn påfører kommunen sine anlegg store skader og medfører at kommunen får aukte drifts- og vedlikehaldskostnader. Som abonnent på kommunale avløpstjenester har kvar enkelt anleggseigar ansvar for å sørge for at deira anlegg har rett dimensjon slik at anlegg tilfredsstillar dei krav som er satt for utskiljaranlegg i lover, forskrifter, utsleppsløyve og øvrige vilkår.

Fetthaldig avløpsvatn som vert ført ut på kommunalt nett medfører òg ei risiko for tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadar som oppstår under slike hendingar.

Teknisk drift vil gje eit **mellombels løyve** til å knytte ønsket fettutskiljar (NS 4) til kommunalt leidningsnett på vilkår:

### Vedtak:

Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar – NS 4 – til kommunalt leidningsnett vert gitt på følgjande vilkår:

- Mellombels løyve til å knytte fettutskiljar NS 4 til kommunalt avløpsnett vert gitt under føresetnald om at anlegg overholder krav til fettinnhald i utsleppsvatn. Dersom anlegg ikkje tilfredstiller krav til utslepp, vil Hordaland Fylkeskommune få pålegg om å skifte ut anlegg. Fylkeskommunen må vurdere om dette er ei risiko dei ønsker å ta.
- Tømmefrekvens for anlegg vert sett til **minimum 6 gonger per år**. Dersom det er behov for tilleggstømning skal anleggseigar ta kontakt med tømmoperatør og få utført dette. Kommunen skal ha melding om dette og tømmefrekvens skal opp til ny vurdering. **I perioder med redusert produksjon skal tømmefrekvens gitt av Lindås kommune oppretthaldast.**



- For anlegg skal det tas minimum 6 temperaturlogger per år. Temperaturlogging skal utførast over 3 døgn - rett før tømming av anlegg og når anlegg er i full drift.
- Det skal tas 2 representative prøver av utsleppsvatn fra anlegg per år (når anlegg er i full drift).
- *Etter kvar tømming, temperaturlogging og analyse av utsleppsvatn skal kopi av tømmerrapporter, temperaturlogger og analyseprøver av utsleppsvatn sendast inn til kommunen slik at kommunen kan vurdere anlegget sin reinsefunksjon.*

Kommunen gir ikkje dispensasjon frå krav til utslepp med grunngeving i at fett øydelegger kommunaltekniske anlegg. Dersom anlegg har for høg temperatur vil fett verte ført ut på avløpsnett og påføre dette skader. Ved for høg temperatur vil kommunen pålegge Hordaland Fylkeskommune om å få på plass større anlegg.

- Fett frå ulike skilder har ulik smeltepunkt og har derfor ulike eigenskaper. Fett løysast opp frå rundt 20 °C og ved tempertur opp mot 30 °C vil anlegg ikkje lenger fungere. Optimal temperatur i anlegg ligge under 20 °C
- Logging av temperatur skal utførast over ør tømming skal det utførast temperaturlogging av anlegg over 3 døgn
- Bruk av vaskemidlar fører til at fett emulerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegg. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast. Anleggseigar må gå i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier vil redusere anlegget sin reinsefunksjon.
- Minst ein gong i året skal anlegg tømmast fullstendig, reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førrast ut på kommunalt avløpsnett, med sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler).
- Det ligg føre skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør. Avtale omfatter 6 temperaturlogger, 6 tømminger og 2 analyser av utsleppsvatn.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av røyr, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal sjølv sørge for at anna avfall ikkje vert ført til utskiljaranlegg (slam, stein, matrestar, plasthandskar etc).
- For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournal skal tømmoperatør føre inn når anlegg er tømt, mengde fett som er tømt, når temperaturlogging er utført og alle typer driftsstans (til dømes stans under vedlikehald av anlegg). Driftsjurnal, tømmerrapport, temperaturlogger og analyse av utsleppsvatn skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Ved skulen skal det være ein som har dagleg ansvar for anlegg og som skal være kontaktperson mot kommunen.
- Årsrapport: Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapport skal inneholde tømmerrapporter, temperaturlogger, analyser av utsleppsvatn og kopi av driftsjournal. Rapporten skal være kommunen i hende seinast 01 februar påfølgjande år.

- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytingspunkt til kommunalt avløpsnett. Teikningane skal vise kva utstyr som er ført på anlegg (utslagsvask, sluker, oppvaskemaskiner, kombidampere etc). Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk 1:500.

Handheving av abonnementsvilkår etter «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og administrative bestemmelser» regulerast av privatsrettslege reglar og er difor ikkje utøving av offentleg mynde.

*Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» og forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt avløpsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikke vert ført utpå kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader. Vedtak fatta med heimel i « Standard abonnementsvilkår» regulerast av privatsrettslege regler og har difor ikkje formell klageadgang.*

Med helsing

Arne Helgesen

Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad

saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune  
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN

**Mottakarar:**

Tekniskbureau AS

Postboks 5

4001

STAVANGER